



## Statens vegvesen

Stig Andre Grindheim  
Grindheimsvegen 127  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/5703-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
21.02.2017

### Førehandstilsegn med krav om opparbeiding avkøyrsløse og eventuelt flytting av avkøyrsløsepunkt- Fv. 412 – Gnr. 34 bnr. 9 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 16.01.2017. Vi syner og til korrespondanse og tidlegare uttaler i saka. Vi var på synfaring 27.01.2017.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkøyrsløse til fv. 412 frå eigedom gnr. 34 bnr. 9 i Radøy kommune. Eigedommen har i dag primær tilkomst via kommunal veg, medan det er anlagt ein landbruksavkøyrsløse til fv. 412 som sikrar tilkomst til landbrukseigedommen på motsett side av fylkesvegen. I samband med at det er etablert gårdsbarnehage på eigedommen vert det no søkt om å nytte avkøyrsløse til fylkesvegen. I tillegg til barnehage er det to bueiningar på bruket samt landbruksdrift.

#### Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 – 43 har vi fatta følgjande vedtak:

Det vil kunne påreknast løyve til utvida bruk av eksisterande landbruksavkøyrsløse frå fv. 412 til Grindheim, gnr. 34 bnr. 9 i Radøy kommune under føresetnad om at dei tekniske krava vert oppfylt.

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn sett følgjande krav:

1. Dette er berre ei tilsegn og ikkje eit løyve. Avkøyrsløse skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre – år frå dags dato elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsløse må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisse og Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentlig veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

3. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 54 meter til høgre (retning Hella) i avkøyrsla frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyrsla (sjå prinsippskisse). Frisikt til venstre i avkøyrsla skal vere tilsvarende 45 meter. Eventuelle sikthindrande element i frisiktsona som t.d. vegetasjon, skal ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
4. Svingradius skal vere 6 meter (12 meter i diameter). Svingradiusen skal markerast tydeleg med t.d. betongkant, grøft eller anna avvisande kant mot sideterreng. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal ikkje vere meir enn 6,5 meter.
5. Stigningskrava må overhaldast (sjå prinsippskisse). Vi vil her særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.
6. Under avkøyrsla må det leggest dreneringsrør, minimum 300mm i diameter, og med tilstrekkeleg fall og eventuelt naudsynte kummar.
7. Det skal sendast inn nytt kart som syner endeleg plassering av avkøyrlepunktet og som syner ei avkøyrsla som stettar våre krav.
8. Dagens avkøyrsla skal stengast i form av fjerning av avkøyrlepunktet dersom avkøyrsla vert flytta.
9. Før arbeid vert sett i gang på / ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no)

#### **Vurdering:**

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs veg. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Avkøyrsla til fylkesveg stettar ikkje dagens krav til utforming. Ved utforming av krav til avkøyrsla har vi lagt til grunn mellom anna fartsgrense på staden og stigning på primærvæg. I tillegg er krava utforma i samsvar med at med dei føremål og det omfang som er oppgitt i søknaden; landbruksdrift, to husstandar og ein gardsbarnehage.

Det er særleg helling i avkøyrsla som må utbetrast. På synfaringa vart det diskutert å flytte avkøyringspunkt lenger vest retning Hella. Dette kan vere ei fornuftig løysing med sikte på å oppnå tilfredstillande helling i avkøyrsla. Vi vil allereie no peike på at avkøyrsla ikkje må plasserast slik at den dannar eit vegkryss med landbruksavkøyrsla på motsett side av vegen. Før det vert sett i gang arbeid med avkøyrsla må sendast inn nytt kart som syner ny plassering og teikningar som syner ei avkøyrsla som elles er i samsvar med våre krav.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Dette må avklarast med Radøy kommune.

#### **Retten til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland

Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør


Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg:  
Prinsippskisse utforming av avkøyrslé

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

